

Småhytter skal fjernast på Rabben

31.01.2011



Skal fjernast og erstattast av ei hytte

**Det er ikkje rett å seia at hyttene skal rivast, dei skal fjernast og selgjast.  
Det seier Steinar Myklehurst ved Rabben Feriesenter i samband med at han  
har søkt kommunen om byggeløyve.  
Løyvet går ut på fjerning av 4 småhytter på 12 kvadratmeter  
og at desse skal erstattast av 3 nye og større hytter.**



Skal fjernast og erstattast av 2 hytter

Dei 4 små hyttene ligg i området mellom båthamna og resepsjonsbygget og er nummerert frå 1 til 4..  
Første byggjesteg som skal gjennomførast i vår går ut på fjerning av dei 2 første hyttene. På tomta etter desse  
skal det så reisast ei hytte. Den er det ein særdeles trufast Rabben-gjest frå Haugesund - Thorleif Lie - som skal  
eiga, opplyser Myklebust.



Skal kanskje fjernast og erstattast av plass for campingbilar.

Neste byggjesteg går ut på fjerning av 2 småhytter til, men desse skal erstattast av 2 nye.

- Men kva skjer så med dei 4 småhyttene som ligg oppover langs elva, dei er vel også eigenleg modne for utskifting?
- Ja, dei vil vi også fjerna hvis det ikke skjer noko positivt med reguleringsplanen, men her vil det ikkje bli bygd hytter til erstatning. Her vil det heller bli plass for campingbilar og tretelt, seier Rabben-verten.

Han er svært oppgitt og frustrert etter 8 års dragkamp med kommunen om den nye reguleringsplanen.

- Byggjeforbodet er rett nok oppheva, men behandlinga i kommunen er like treg som tidlegare og eigenleg ønskjer eg meg attende til den gamle reguleringsplanen. Den var enklare å halda seg til fordi den ga rom for dispensasjonar, seier Myklebust.

Han varsler at det kan bli aktelt med ein drastisk omlegging av drifta.

- Det er framleis inga avklaring om parkeringen av campingvognar utover odden mot elva. Hvis vognane må flyttast vil det bety eit tap på 80.000 kroner i året.
- Då vil vi med eitt vera flytta 15 år attende, seier verten på Rabben, som derimot har store forventningar om eit godt samarbeid med dei nye eigarane av Vertshuset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen